

Endringar i den geografiske folkesamansetninga i Norge i tida 1800–2000

Halvard Skiri

Samandrag

Kjeldegrunnlaget for artikkelen er i hovudsak offisiell befolkningsstatistikk og analysar frå Statistisk sentralbyrå (SSB), men òg tal og analysar av talmateriale vidareutvikla utanfor SSB. Endringane i folkesamansetjinga 1800–2000 er beskrivne mest ut ifrå fylkestal, både fylkesprosenten av folkemengda i landet og tal for dei ulike tilvekstfaktorane: fødselar, dødsfall og flyttingar. Også veksten i tettbygde strok og tettstader blir omtala.

Med tanke på å vere til nytte ved framtidige analysar på lågare geografisk nivå, viser artikkelen, oftast ved hjelp av lenkjer til SSBs digitaliserte publikasjonar og til Statistikkbanken, til ei mengd statistiske publikasjonar som inneheld tabellar, analysar og omtaler av relevant offisiell statistisk og statistisk grunnlagsmateriale. Aktuelle demografiske mål er omtala, og nokre demografifaglege tilrådingar om val mellom slike er gitt. Med tanke på at temaet er talemålsendringar, blir det rådd til å vurdere kva geografisk nivå meir djuptgåande analysar av befolkningsendringane bør leggje til grunn, kanskje relativt homogene noverande eller tidlegare dialektområde.

1 Innleiing

Mange tilhøve og omskifte i samfunnet heng i større eller mindre grad saman med storleiken på og den geografiske fordelinga av folkemengda, forutan befolkningsutviklinga over tid. Talemålsendringar er knapt noko unntak. Dersom ein vil forstå utviklinga i talemåla rundt om i landet, vil såleis tidsseriar i historisk befolkningsstatistikk truleg kunne bidra med informasjon.

Som ein introduksjon til den geografiske utviklinga sidan 1800 kan det vere greitt å kjenne til viktige utviklingsdrag i den samla folkemengda i landet desse 200 åra, beskrivne av Lars Østby (1995)¹. Dessutan omtalar Søbye (2014) i sin tabellstudie 1735–2014 ulike utviklingsdrag som har bidrege til den norske identiteten, kjenneteikna av mellom anna “en liten, homogen be-

¹ ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/ssp/1995-4

folkning i et stort og vidstrakt land,[...] med stor befolkningsandel på landsbygda [...] og betydelig utvandring til Amerika”.

Ei første, relativt enkel og lettvinntilnærming til den aktuelle problemstillinga er å studere utviklinga i prosentdelen av befolkninga i kvart fylke mellom 1800 og 2000, mellom anna fordi godt samanliknbare folketal finst, sjå tabell 1, bolk 2.2. Treng ein derimot ei meir detaljert geografisk beskriving av befolkningsutviklinga, noko som synest relevant og nyttig ved talemålsstudiar, blir utgreiingsoppgåva meir omfattande. Til dette formålet finst det ei mengd publisert statistikk på lågare geografisk nivå. Statistikken er hovudsakeleg tilgjengeleg via Statistisk sentralbyrås nettsider ssb.no, sidan dei fleste statistikkpublikasjonane er blitt skanna. Men med ein slik geografisk valfridom er det truleg føremålstenleg, før ein startar på ein meir omfattande analyse, å velje ei mest mogleg skreddarsydd, geografisk inndeling til formålet, blant anna tilpassa noverande eller tidlegare dialektgrenser.

I tillegg til ei meir detaljert geografisk beskriving av folketalsutviklinga vil det kanskje vere interessant å vite noko om *korleis* eller også kvifor endringane i folkemengda har funne stad. Då blir det meir tale om *kva* slag tilvekstfaktorar (fødslar, dødsfall, innflyttingar og utflyttingar), sjå Munthe (1993), som har verka inn og resultert i at prosentdelen av befolkninga har auka i nokre geografiske område, men minka i andre. Rettnok har den offisielle statistikken tal for kor mange slike demografiske hendingar av kvart slag som fann stad i administrative einingar som fylke, kommunar og sokn, slik grensene for desse var i hendingsåret. Men så har dei administrative inndelingane, for eksempel kommuneinndelinga, i periodar endra seg mykje over tid, slik at omrekning til geografisk samanliknbare tal kan bli vanskeleg. Dette gjeld ikkje minst dei relative statistiske måla for tilvekstfaktorane, der ein i tillegg møter “problemet” ved at nye, meir avanserte mål er blitt tekne i bruk etter om lag 1950, i staden for dei enklare, tradisjonelle måla. Moderniseringa skuldast ikkje minst at meir geografisk detaljerte folketal er blitt tilgjengelege, blant anna som nemnarar i fødsels-, dødsfalls- og flyttratar.

I bolk 5 blir det lagt vekt på å greie ut om *kva* som finst av relevant offisiell statistikk over folketal og tilvekstfaktorar for mindre geografiske område enn fylke, og kvar slik statistikk er tilgjengeleg, med lenkjer, tabellnummer eller sidenummer. Tal for tidsperiodar bakover finst oftast ikkje samla, men i fleire ulike publikasjonar. Dessutan er det gitt ein del merknader til statistikken og råd om bruken av tala. Ei samla framstilling for 1906–1968 med utførleg dokumentasjon er frå 2015 tilgjengeleg i Skiri (2015), særleg i Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanktabell 10759.

1.1 Primærkjeldene for statistikk over endringar i geografisk folkesamansetning

I offisiell norsk statistikk over befolkning og busetjing før om lag 1950 er folketeljingane, kyrkjebøkene og utvandringsprotokollane dei viktigaste primærkjeldene. Berre dei landsomfattande, statlege folketeljingane er brukt. Kåre Ofstad (1949: 462–472)² gir ei historisk oversyn over teljingane. Av dei vel 20 slike etter 1769 var teljinga i 1801, og alle dei frå og med 1865, nominative, det vil seie at dei inneheldt personnamn og opplysningar om kvar einskild busett person. Desse teljingane har difor generelt vore langt meir verdfulle enn dei summariske teljingane 1815–1855, som berre gav tal på personar i ulike grupper av busette. Folketeljinga 1801 er blitt bearbeidd og publisert på nytt etter moderne metodar i Statistisk sentralbyrå (1980)³.

Kyrkjebøkene er ikkje blitt nytta direkte ved innrapporteringa frå geistleg hald, men krava til innrapporteringa er blitt innskjerpa ved fleire høve. Alt i 1735 blei biskopane pålagde å innhente frå sokneprestane på faste formular årlege oppgåver over talet på fødde og døde i stiftet, og sende ei utførleg melding til “Commerce Collegium” i København. Sjå elles siste del av bolk 7.5. Julie E. Backer (1948: 190–202)⁴, gir ein samla, utførleg dokumentasjon av den norske befolkningsstatistikken fram til 1946, om offentleg registrering og om det statistiske materialet som blei brukt.

2 Om demografiske tilvekstfaktorar og demografiske mål

2.1 Demografiske tilvekstfaktorar

Den geografiske folkesamansetninga i landet på eit visst tidspunkt kan seiast å vere resultatet av ulike påverknader over tid, oftast av fleire demografiske faktorar samstundes. Dei viktigaste av desse faktorane, som influerer på vekst eller reduksjon, er – uttrykt i absolutte tal:

- levandefødde,
- døde (dødsfall),
- innanlandske inn- og utflyttingar
- inn- og utvandring.

² ssb.no/a/histstat/sm/sm_194810-12.pdf

³ ssb.no/a/histstat/nos/nos_b134.pdf

⁴ ssb.no/a/histstat/sm/sm_194704-06.pdf

2.2 Aktuelle demografiske mål 1800 – ca. 1950

Som relative tal per 1 000 av folkemengda blir dei to førstnemnde tilvekstfaktorane kalla høvesvis *summarisk (allmenn) fødselsrate* og *summarisk dødsrate*, medan ulike flyttetall blir brukte som teljarar i relative mål (tal) som inn- og utflyttingsratar og utvandringar. Når det gjeld språkbruken, er ratar per 1 000 av folkemengda, som summariske fødselsratar og dødsratar, enkle demografiske mål for fruktbarheit og dødelegheit. Som oftast blir ordet ‘summarisk’ eller ‘allmenn’ sløyfa.

Tabell 1: Heimebøyrande folkemengd ved folketeljningane 1801–2001
– etter fylkesinndelinga i 2001.
(Kjelde: Folketeljningar, Statistisk sentralbyrå.)

Fylke	Folkemengd i 1000							Prosent av folkemengda i alt						
	1.2. 1801	31.12. 1845	31.12. 1875	3.13. 1900	1.12. 1930	1.1. 1960	3.11. 2001	1801	1845	1875	1900	1930	1960	2001
<i>I alt</i>	884	1328	1813	2240	2814	3591	4521	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
<i>Østfold</i>	50	74	108	137	167	203	252	5,7	5,5	5,9	6,1	5,9	5,6	5,6
<i>Oslo/Akers- hus</i>	66	109	192	344	490	709	988	7,5	8,2	10,6	15,3	17,4	19,8	21,9
<i>Hedmark</i>	61	88	120	126	157	177	188	6,9	6,6	6,6	5,6	5,6	4,9	4,1
<i>Oppland</i>	66	102	115	116	138	166	183	7,5	7,7	6,4	5,2	4,9	4,6	4,0
<i>Buskerud</i>	66	87	105	117	152	182	240	7,4	6,5	5,8	5,2	5,4	5,1	5,3
<i>Vestfold</i>	38	61	86	100	125	160	216	4,3	4,6	4,8	4,5	4,5	4,5	4,8
<i>Telemark</i>	48	73	83	99	128	150	166	5,4	5,5	4,6	4,4	4,5	4,2	3,7
<i>Aust-Agder</i>	35	52	74	80	74	77	103	3,9	3,9	4,2	3,6	2,6	2,1	2,3
<i>Vest-Agder</i>	41	63	78	82	81	109	158	4,7	4,8	4,2	3,6	2,9	3,0	3,5
<i>Rogaland</i>	41	78	114	128	173	239	381	4,7	5,9	6,3	5,7	6,2	6,6	8,4
<i>Hordaland</i>	79	117	156	208	263	341	438	8,9	8,8	8,6	9,3	9,3	9,5	9,7
<i>Sogn og Fjordane</i>	53	78	86	89	92	99	107	6,0	5,9	4,7	4,0	3,3	2,8	2,4
<i>Møre og Romsdal</i>	57	81	117	136	165	213	244	6,5	6,1	6,4	6,1	5,9	5,9	5,4
<i>Sør- Trøndelag</i>	61	89	117	136	175	212	266	6,9	6,7	6,4	6,1	6,2	5,9	5,9
<i>Nord- Trøndelag</i>	43	66	81	83	96	117	127	4,8	4,9	4,5	3,7	3,4	3,3	2,8
<i>Nordland</i>	52	66	103	152	187	237	238	5,9	5,0	5,7	6,8	6,6	6,6	5,3
<i>Troms</i>	19	31	54	74	98	128	152	2,2	2,4	3,0	3,3	3,5	3,6	3,3
<i>Finnmark</i>	8	13	24	33	53	72	74	0,9	1,0	1,3	1,5	1,9	2,0	1,6

Meir avanserte demografiske mål for desse faktorane, slike som *samla fruktbarheitstal* (SFT) for fruktbarheit og *forventa levealder* for dødelegheit, er blitt berekna for fylke eller unntaksvis for endå lågare geografisk nivå berre for år/periodar etter om lag 1950. Grunnen er at datagrunnlaget før 1950 har vore og framleis oftast er for dårleg. Difor har ein for år før 1950 mått klare seg med dei alt nemnde nokså grove demografiske måla (summarisk) fødselsrate og (summarisk) dødsrate.

Rettnok finst det analysar ut ifrå meir raffinerte mål også for før 1950, mellom anna eit slag “standardberekna” forholdstal for fruktbarheita blant kvinner i alderen 15–44 år tilbake til 1900 der ein har eliminert skilnad i alder og sivilstand hos kvinner i ulike fylke, sjå bolk 6.5. Dessutan finst det bakover til om lag 1890 “standardberekna” dødsratar (-kvotientar), som tek omsyn til (korrigerer for) at alderssamansetjinga kan vere ulik geografisk eller over tid, sjå òg bolk 6.6. Merk at i all statistikk over dødsfall er det lagt til grunn den registrerte bustaden til personen ved dødsfallet, som kan liggje i eit anna fylke enn bustaden gjennom storparten av livsløpet.

Også med tanke på å beskrive og samanlikne nivået på bruttoflyttestraumar, helst utflytting eller utvandring, er enkle ratar per 1 000 busette dei mest avanserte måla som normalt er tenlege i praksis, i tillegg til å bruke absolutte tal.

Statistikk over desse historiske befolkningsendringane for fylke eller mindre geografiske område finst diverre ikkje *samla* nokon stad, men i fleire ulike publikasjonar. Til alt hell er alle dei aktuelle publikasjonane no blitt skanna i SSB og gjort tilgjengelege.⁵

3 Geografisk samansetning

Med tanke på ‘geografisk’ samansetning av befolkninga synest det – av omsyn til tilgjengeleg statistikk – i denne artikkelen formålstenleg å skilje mellom:

- Regional fordeling – ut ifrå inndelingar som landsdel, fylke (bygder/byar) og kommune
- Fordeling på tett-/spreittbygde strok og framvoksteren av viktige tettstader/byar

⁵ ssb.no/a/histstat/publikasjoner/

3.1 *Kva fylkestal fortel om geografiske folketalendringar frå 1801 til ca. 1960*

I denne bolken er analysegrunnlaget avgrensa til tabell 1 i artikkelen, forutan tabellane 74 og 91 i Backer (1965)⁶ og tabell 129 i Backer (1961)⁷. Desse tre tabellane inneheld ratar for tilvekstfaktorar for berre ein del av 200-årsperioden, og ingen ratar etter 1960. Grunnen til det er delvis at primærdata til ratar for første del av 1800-talet manglar, delvis at betre (meir utsegnskraftige) demografiske mål blir brukte dei seinaste tiåra, sjå bolk 2.2.

3.1.1 Prosentdelen av folkemengda

Sju fylke har auka sin prosentdel av folkemengda sidan 1801, og fylkespartet Oslo/Akershus har vakse desidert mest til nær ei tredobling – frå 7,5 til heile 21,9 prosent i 2001. Nest størst var auken i Rogaland, langt på veg ei dobling, men også Finnmark, Troms, Vestfold og Hordaland voks markant relativt sett. Både Finnmark og Troms har likevel hatt klar relativ tilbakegang sidan 1960. Den største relative tilbakegangen sidan 1801 hadde Sogn og Fjordane, der prosentdelen minka frå 6,0 til 2,4, medan innlandsfylka Oppland og Hedmark pluss Aust-Agder og Nord-Trøndelag langt på veg fekk sin prosentdel halvert. Østfold var det einaste fylket med nesten uendra prosentdel i vel 200 år. Ei demografisk erfaring er at det vil krevje store geografiske skilnader i tilvekstfaktorar – og over lang tid – for å oppnå så store endringar i prosenten busette som tilfellet er for fleire av desse fylka.

3.1.2 Fruktbarheit – fødselsratar

Med omsyn til tilvekstfaktorane fortel Backer (1965: 123–134) om nokså uendra summarisk fødselsrate (levandefødde per 1 000 av folkemengda) i bygdene på 1800-talet, altså over lengre tid. Ingen regionale skilnader er omtala der, endå det burde eksistere brukbart talmateriale, i det minste for åra omkring folketeljingane. Statistikk frå og med 1865 (tabell 10 i Backer) viser jamt over lågare fødselsrate i byane enn på bygdene fram til og med 1910. Her er det fødselsratane *levandefødde per 1 000 kvinner 15–44 år* ein må stole mest på, ikkje den summariske fødselsraten, ettersom det var relativt fleire kvinner i fødedyktig alder i byane enn på landet (sjå om ulike demografiske mål i bolk 2.2 og om nærare analyse vist til i bolk 6.5).

Ein konklusjon er at på fylkesnivå har dei geografiske skilnadene i fruktbarheit utan tvil bidrege til relativ omfordeling av befolkninga på fylkesnivå

⁶ ssb.no/a/histstat/sos/sos_013.pdf

⁷ ssb.no/a/histstat/sos/sos_010.pdf

etter om lag 1900. På 1800-talet er derimot den geografiske påverkinga meir uviss, ettersom statistikken er mangelfull. Det er likevel grunn til å vere klar over at som tilvekstfaktor er aukande fødselstal generelt meir effektivt enn innvandring på lengre sikt, fordi ekstra fødslar bidreg med nyfødde, og dermed resulterer i ei yngre befolkning enn det like mange nyinnvandra gjer, og dermed aukar meir potensialet for intern vekst.

3.1.3 Dødelegheit – dødsratar

Dødelegheitsutviklinga i dei seks stifta i Noreg, seinare også i fylka, i tida 1860–1950 er utførleg omtala i Backer (1961: 190–197)⁸, særleg frå og med 1890. Fylkestala omhandlar likevel mest berre bygdene. Dei mest sentrale og pålitelege (relevante) tala finst i tabell 131. Det er viktig å leggje *standard-berekna* dødsratar ratar til grunn, så sant slike finst, sjå omtalen i bolk 2.2 i denne artikkelen.

Dei eldste opplysningane om regionale variasjonar i dødelegheit er frå 1856–1865, då Hamar stift hadde klart lågast dødelegheit, følgd av Trondheim stift og Bergen stift. Høgast dødelegheit hadde Tromsø stift, men ikkje svært mykje over nivået i Kristiania og Kristiansand. Landdistrikta hadde vesentleg lågare dødelegheit enn byane.

Omkring 1890 var dødelegheita relativt høg i Østfold og Akershus samanlikna med det indre Austlandet. I Sør-Norge var dødelegheita høgast i Agder-fylka, 10–20 prosent over landsgjennomsnittet, noko som for ein stor del skuldast at tuberkulosen då var mest utbreidd der. På Vestlandet var dødelegheita betydeleg lågare enn på Austlandet og i Agder, og lågast i Sogn og Fjordane. Derifrå og nordover kysten auka dødelegheita heilt til toppnivået i Finnmark. Frå midt i første halvdel av 1900-talet har skilnaden mellom fylka blitt betydeleg redusert. Nyare dødelegheitsstatistikk for fylke er vist til i bolk 6.6.

3.1.4 Utvandring

Den eldste statistikken over utvandring, den til “oversjøiske” land sidan 1866, er beskriven i Backer (1965: 163–164)⁹ både når det gjeld utvandringa frå bygder og byar generelt og frå kvart einskild fylke. Fram til 1890 var utvandringa sett i høve til folkemengda størst frå Oppland, Hedmark, Buskerud og Telemark og Oslo. Sidan reiste det relativt flest frå Agder-fylka

⁸ ssb.no/a/histstat/sos/sos_010.pdf

⁹ ssb.no/a/histstat/sos/sos_013.pdf

og Rogaland. Agder-fylka, særleg Vest-Agder, skilde seg dessutan klårt ut frå resten av landet i 1920-åra.

3.1.5 Innvandring og innanlandsk flytting

Fylkestal for innvandring frå utlandet i femårsperiodar 1966–2000 finst i tabell 5 over flyttingar frå og til utlandet¹⁰. Innvandringstal for 1961–1965 står i Sørensen (1977), tabell 3.2. Fylkestal for 1951–1960 synest ikkje å ha blitt utarbeidd for publisering. Fylkestal for innvandring frå før 1951 finst berre for 1916–1926 og blir rekna for å vere svært usikre, sjå bolk 6.3.

Tal for innanlandske flyttingar inn og ut av kvart fylke i femårsperiodar 1966–2000 finst i tabell 4¹¹. Fylkestal for 1951–1965 synest ikkje å vere tilgjengelege. Før 1960 var SSB som statistikkprodusent generelt mindre oppteken av bruttotal for fylke, men la vekt på netttotal for landsdelar og skiljet bygder/byar. I Statistikkbanken under flytting¹² finst berre tal for all innflytting til og all utflytting frå fylket, altså sumtal for både innanlandsk flytting og flytting frå/til utlandet.

3.2 Tettstadfolkemengd og tettstadprosent – landstal

I 1801 budde under 78 000, eller knapt ni prosent av folkemengda i Norge i tettstader, sjå tabell 2. Tettstadene utgjer til saman ‘tettbygde strok’, medan andre bustadstrok blir kalla spreiddbygde, sjå Statistisk sentralbyrå (1999: 71–73)¹³. Merk at ‘tettstad’ er eit *statistisk* omgrep for å beskrive urbanisering. Omgrepet definerer eit geografisk område *heilt uavhengig* av administrative inndelingar – og dermed kommunegrensar – og om kommunen har (hatt) bystatus eller ikkje.

I 1855 budde nesten 17 prosent i tettbygde strok, før ei sterkare urbanisering tok til. Tettstaddelen skaut endå meir fart etter 1960, til 76,5 prosent sist i 2001 og til nær 80 (79,4) prosent ved utgangen av 2011.

¹⁰ ssb.no/a/kortnavn/flytting/arkiv/tab-2001-08-22-05.html

¹¹ ssb.no/a/kortnavn/flytting/arkiv/tab-2001-08-22-04.html

¹² ssb.no/tabell/flytting

¹³ ssb.no/a/publikasjoner/pdf/nos_c513/nos_c513.pdf

Tabell 2: Prosent av folkemengda i tettbygde strok. 1801–2001.
(Kjelde: Folketeljingar. Statistisk sentralbyrå.¹⁴)

Teljingstidspunkt	Folkemengd	Pst. av folke- mengd i tett- bygde strok ^I	Innbyggjarar per km ² landareal ^{II}
1. feb. 1800 ^{III}	883 603	10,0	2,9
30. april 1815 ^{IV}	885 431	9,8	2,9
27. nov. 1825	1 051 318	10,9	3,4
29. nov. 1835	1 194 827	10,8	3,9
31. des. 1845	1 328 471	15,5	4,3
31. des. 1855	1 490 047	16,9	4,9
31. des. 1865	1 701 756	19,6	5,5
31. des. 1875	1 813 424	24,4 ^V	5,9
31. des. 1890	2 000 917	31,3	6,5
3. des. 1900	2 240 032	35,7	7,3
1. des. 1910	2 391 782	38,5	7,8
1. des. 1920	2 649 775	45,3	8,6
1. des. 1930	2 814 194	47,3	9,2
3. des. 1946	3 156 950	50,1	10,3
1. des. 1950	3 278 546	52,2	10,7
1. nov. 1960	3 591 234	57,2	11,7
1. nov. 1970	3 874 133	65,9	12,6
1. nov. 1980	4 091 132 ^{VI}	70,3	13,3
3. nov. 1990	4 247 546 ^{VI}	72,4	13,8
3. nov. 2001	4 520 947 ^{VI}	76,5	14,8

^I Tettbygde område med minst 200 busette der avstanden mellom husa som regel ikkje er over 50 meter. Før 1845 er som tettbygde strok rekna byar ('kjøpstader' og 'ladestader'), i 1845–1950 òg andre hussamlingar utanom byar. ^{II} Ikkje medrekna Svalbard og Jan Mayen. ^{III} Tal frå omarbeidinga av teljinga i 1980. ^{IV} Talet for folkemengd er truleg om lag 20 000 for lågt. ^V Folkemengd som var til stades. ^{VI} Medrekna 15 952 personar i uoppgitt bustadstrok i 1980, 25 005 personar i 1990 og 43 826 personar i 2001.

4 Folketal for mindre område enn fylke – endringar i kommuneinndelinga

Med tanke på meir geografisk detaljerte analysar av endringane i den geografiske folkesamansetninga kan det vere praktisk å kjenne til kvar ein finn nødvendige folketal.

¹⁴ Meir informasjon: sbs.no/fob2001/

4.1 Folketal for kommunar

Historiske regionale tidsseriar for andre administrative inndelingar enn fylke finst trykt, til dels for lange periodar. I ulike publikasjonar i serien *Norges offisielle statistikk (NOS)* er det frå folketeljinga i 1801 og seinare teljingar tabellar med regionale folketal, frå 1845 av også for kommunar i tillegg til fylkestala:

- Departementet for det Indre gav ut tabellar viser folketal ved folketeljingane 1801–1865 og for fogderi og byar dessutan årleg prosentvis folketilvekst i periodar mellom to folketeljingar (1869 a: tabell 9)¹⁵. Innanlandsk flytting blir tema i bolc 6.2 i denne artikkelen og innvandring i 6.3. Alt 30 år før kom det årlege tal for blant anna fødte og døde 1801–1835, men berre for kvart av dei fem stifta, sjå bolc 6.5.
- Statistisk sentralbyrå (1983: tabell 2.1)¹⁶. Tabellen viser folketal for kommunar i Østfold ved seks folketeljingar i tidsrommet 1875–1980, og årleg endring i prosent mellom to teljingar. Lenkja til motsvarande publikasjon for dei andre fylka har høvesvis sifra 344, 345, ..., 360.
- Statistisk sentralbyrå (1974 b: 144–155, 185–187). Folkemengd ved folketeljingane i 1801–1970, etter kommuneinndelinga i 1970¹⁷.

Folketal ned til kommunenivå frå folketeljingane 1865–1920 er også gitt i ein eigen tabell i kvar av dei fem samandragpublikasjonane *NOS Folkemengdens bevegelse* som er lista opp i bolc 6.4.2 i denne artikkelen.

Digitaliserte publikasjonar for kvar einskild av folketeljingane 1801–1970 gir òg kommunetal.¹⁸

4.2 Endringar i kommuneinndelinga kompliserer

I historiske tabellar over folkemengda i fylke og kommunar er tala oftast gitt i samsvar med den kommuneinndelinga som gjaldt på teljingstidspunktet. For kommunar der grensene er endra, eksisterer det heilt samanliknbare tal, altså for same geografiske område, nesten berre dersom dei einskilde (overførde) områda var heile kommunar, sokn eller øyar. Dei omfattande kommunesamanslåingane og detaljerte grenseendringane etter 1960 har med få unntak i praksis gjort det umogleg å konstruere pålitelege, samanliknbare

¹⁵ ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c1_1856-65.pdf

¹⁶ ssb.no/a/histstat/nos/nos_b343.pdf

¹⁷ ssb.no/a/histstat/nos/nos_a679.pdf

¹⁸ ssb.no/a/histstat/publikasjoner/histemne-02.html#P381_9308

tilbakegåande tal for alle nåverande kommunar som har eksistert etter 1960. Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) har likevel berekna tal under føresetnad av at alle delar av ein kommune har hatt lik vekst i den aktuelle perioden, ein føresetnad som sjeldan held i praksis.¹⁹

Kommunegrenseendringane i perioden 1838–1998 er dokumenterte av Dag Juvkam (1999)²⁰. Under samlenemninga *Norges sivile, geistlige, rettslige og militære inndeling* finst det ein publikasjon for kvar av 13 ulike tidspunkt i tidsrommet 1875–1951 med folketal frå seinast haldne folketeljing.²¹

Eit oversiktleg oppsett over kommunesamanslutningar rundt byar etter 1955 finst i Stugu (2006: 444–445).

5 Nokre tankar om kva demografiske tilvekstfaktorar som kan vere mest interessante ved talemålsendringar

Dei einskilde tilvekstfaktorane har generelt ulik, og dessutan ulikt sterk, innverknad på ei befolkning, anten det gjeld storleik, fordeling på kjønn eller alder osv. Særleg tydeleg er dette tilfellet når faktorane verkar over lang tid. Sidan 1800 har storleiken og dermed styrken på dei ulike demografiske tilvekstfaktorane variert til dels mykje og resultert i noko vekslande geografisk samansetning av folkemengda med tida. Med tanke på talemålsendringar vil nok også meir spesielle tilhøve spele inn, som alderen på dei som flyttar. Dei viktigaste demografiske faktorane i så måte er truleg:

- innanlandsk flytting
- innvandring
- fruktbarheit,

medan nivået på dødelegheit og utvandring nok har betydd mindre språkleg, særleg utvandring. Med ‘innvandring’ og ‘utvandring’ er her meint *alle* flyttingar høvesvis til og frå Norge.

Andre demografiske faktorar som vigslar, skilsmisser og dei siste tiåras sambuskapsendringar kan me derimot sjå mest bort ifrå, ettersom slike knapt har nokon direkte innverknad på *storleiken* på folkemengda. Før derimot, og så seint som ut i 1950-åra, var omfanget av vigslar ein god indikator på det framtidige omfanget av fødsjar, ettersom dei aller fleste barn blei fødde i ekteskap.

¹⁹ Sjå ssb.no/a/histstat/nos/nos_b343.pdf, tabell 2.1, fotnote 1)

²⁰ ssb.no/offentlig-sektor/artikler-og-publikasjoner/historisk-oversikt-over-endringer-i-kommune-og-fylkesinndelingen

²¹ Under ssb.no/a/histstat/publikasjoner/histemne-01.html

Statistikk over dei underliggjande *årsakene* til at folk får (mange eller få) barn, dør, flyttar, osb. – som preferansar, sjukdomar/dødsårsaker og flyttemotiv – vil det kanskje vere mindre aktuelt å gjere systematisk bruk av i tale-målssamanheng. Det kan likevel nemnast at SSB har dødsårsaksstatistikk attende til 1853, at det finst opplysningar om utvandringsgrunn i samband med utvandring til land utanfor Europa i 1905–1932 (Backer 1965: 177–179)²².

Frå nyare tid, 1972, har me ei flyttemotivundersøking blant busette her i landet, der dei statistiske resultatata finst i Statistisk sentralbyrå (1974 a)²³. Tilknytt denne undersøkinga beskriv Lars Østby (1975)²⁴, endringar i den demografiske samansetninga av flyttargruppene og dei endringane som har skjedd i det regionale flyttemønsteret 1949–1973. Dessutan gir Statistisk sentralbyrå (1977)²⁵ ei samla framstilling av resultatata frå analysane gjorde på grunnlag av flyttemotivundersøkinga i 1972.

Trude Lappegård (1999)²⁶ peikar på at både kulturelle, sosiale og økonomiske tilhøve vil vere med å påverke variasjon i geografiske fruktbarheitsmønster og nemner normar som gjeld ekteskap og familiedanning, likestilling, utdanning og yrkesdeltaking.

5.1 Aldrande befolkning sidan 1800

I tillegg til meir enn ei femdobling i 200-årsperioden har befolkninga blitt mykje eldre. I 1801 var halvparten av befolkninga under 24 år, medan ein i 2001 måtte opp til 37 års alder for å nå halvparten. Alderspyramiden for samla folkemengd, som i 1800 likna ein tradisjonell pyramide, hadde i 2000 fått mykje brattare sider, og der aldersgruppene 25–44 år var dei største. Aldringa er eit resultat av omskiftet frå både høg fruktbarheit og høg dødelegheit før om lag 1850 til låg fruktbarheit og låg dødelegheit etter om lag 1980, kjent som ‘den demografiske overgangen’. Mest heile denne aldringsprosessen skuldast lågare fruktbarheit (målt som SFT), altså *ikke* at folk lever lenger, slik ein kanskje skulle tru. Den demografiske forklaringa er at når dødelegheita i eit land har falle (frå om lag 1850), har dette fallet alltid vore klart størst blant barn og unge, mest ved at infeksjonssjukdomar etter kvart blei langt sjeldnare enn før.

²² ssb.no/a/histstat/sos/sos_013.pdf

²³ ssb.no/a/histstat/nos/nos_a617.pdf

²⁴ ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_13.pdf

²⁵ ssb.no/a/histstat/sos/sos_035.pdf

²⁶ ssb.no/a/histstat/rapp/rapp_199907.pdf

6 Kvar finn ein offisiell statistikk over aktuelle demografiske faktorar?

Dei publikasjonane det blir vist til i denne bolken, er med i litteraturlista. For relevant eldre publisert statistikk tilgjengeleg på heimesidene til Statistisk sentralbyrå²⁷ er lenkje til publikasjonen oppgitt i fotnote. Det same gjeld som oftast nyare statistikk, som er publisert berre på nettsider. Andre skanna publikasjonar vil ein kunne finne der.²⁸ Her er eldre statistikkpublikasjonar “lenkja opp” frå sidene i to SSB-bibliografiar, offisiell statistikk gitt ut 1828–1976 og 1977–1996. Dei aller nyaste publikasjonane må difor søkjast på anna vis som via rett publikasjonsserie, sjå ‘Seriar’ og ‘Periodika’ i høgre spalte. Merk at dei to førstnemnde bibliografiane ikkje har sams emneinndeling, noko som gjer det meir krevjande å finne motsvarande publikasjonar. Dei aktuelle emna er høvesvis ‘2. Befolkning. Helseforhold’, med underemna 2.1–2.8. og ‘02 Befolkning’, med underemne ‘02.02 Endringer’.

Fleire av dei skanna tabellane det blir vist til, helst dei nyare – eller tilsvarande tal – er tilgjengelege i Statistikkbanken i SSB²⁷. Ein fordel ved å bruke Statistikkbanken er at tala kan hentast ut digitalt, for eksempel på Excel-format.

I bolkane 6.2–6.7 blir kjeldene som statistikkane i hovudsak byggjer på, omtala kort, eller det blir vist til breiare omtale. Nokre ubrukte kjelder blir også nemnde og kommenterte.

6.1 Om folketeljingsintervall som publiseringsperiode

Dei landsomfemnande folketeljingane, oftast haldne kvart tiande år, sjå tabell 2, har vore heilt sentrale i norsk historisk befolkningsstatistikk. Vidare kom intervalla *mellom* teljingane til å høve godt som periode når ein skulle lage statistikk over befolkningsendringar. Såleis har ein tal for årleg prosentvis auke/minking i folkemengda i kvar av desse periodane mellom folketeljingane i tidsrommet 1801–1865, mellom anna for fylke (amt) og byar i tabell 9 i Departementet for det Indre (1869 a)²⁹.

For kvar av folketeljingsintervalla mellom teljingane i 1865 og 1920 finst det tal for auke/minking i folkemengda mellom anna for kvart herad og kvar by, men berre absolutte tal, ingen prosentar. Namn, lenkjer og tabellnummer i publikasjonane med tal for 1866–1920 er gitt i bolk 6.4.2. I dei same tabellane finst tal for fødde, døde og “Overskud af Ind- eller Udvandring”,

²⁷ ssb.no

²⁸ Under ssb.no/a/histstat/publikasjoner/

²⁹ ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c1_1856-65.pdf

sjå bolk 6.4. Også for tidsrommet 1921–1950, både for folketeljingsintervall og enkeltår, finst det fylkes- og kommunetal for samla folketilvekst, levandefødde, døde og utvandring til oversjøiske land, om enn ikkje i trykte publikasjonar. Merk at publikasjonen Statistisk sentralbyrå (1935)³⁰ i nokon grad erstattar årspublikasjonane *NOS Folkemengdens beregelse* for kvart av åra 1927–1932, som ikkje blei trykte “på grunn av manglende bevilgning”. Manuskripta er tilgjengelege i SSB, men ikkje alle blei utarbeidde fullstendig.

Som det skulle ha gått fram til no, finst det bra med talgrunnlag for å kunne beskrive endringane i den geografiske fordelinga av folkemengda i landet mellom 1800 og 2000. Med tanke på meir djuptgåande analysar enn berre folketalsendringar på fylkesnivå, eventuelt der auke/minking i folkemengda er spesifisert på levandefødde, døde og flytting, blir eit sentralt spørsmål kva geografisk inndeling ein bør velje. Eitt omsyn, i tillegg det talemålsfaglege, vil vere kva tidsseriar i offisiell statistikk som er tilgjengelege og brukbare, når også endringar i administrative inndelingar er tekne omsyn til. Sjå meir om dette i bolk 8.

6.2 Innanlandske flytting

Sjølv om statistikk for innanlandske flyttingar mellom kommunar er sagt å eksistere berre frå og med 1951, finst det likevel publisert ein del landsdelstal for flyttingar mellom bygder og byar i 1949 og 1950, i Statistisk sentralbyrå (1952) og i Statistisk sentralbyrå (1975 a), sjå lenkjer i litteraturlista. I prinsippet er *alle* meldte flyttingar med i folkeregistermaterialet frå og med 1951 (1949), men berre flyttingane over gjeldande kommunegrensar det aktuelle kalenderåret er med i statistikken.

Talgrunnlaget kom i stand takka vere lov om folkeregistrer frå 1946, som kravde at alle kommunar måtte få eit lokalt folkeregister, noko berre 91 av 747 kommunar hadde ved krigsutbrotet i 1940. Sjå omtale av organisering og planar i Backer (1947: 331–332)³¹. Folketeljinga 3. desember 1946 var startgrunnlaget for det landsomfattande systemet med folkeregisterdata. Det tok nokre år å oppnå bra kvalitet, og først etter 1950-folketeljinga blei det altså publisert statistikk og årlege “befolkningsrekneskapar” for kvar kommune. Kvaliteten på flyttetala vart betra frå 1957 av, då ein tok til å kontrollere talmaterialet frå folkeregistra før publiseringa.

³⁰ ssb.no/a/histstat/nos/nos_ix_070.pdf

³¹ ssb.no/a/histstat/sm/sm_194610-12.pdf

6.2.1 Flyttematriser for landsdelar, fylke mv.

Statistikk over befolkningsendringar kan uttrykkjast som absolutte eller relative tal (per 1 000 av folkemengda). I innanlands flyttestatistikk finn ein, når talgrunnlaget tillet det, også tal for flyttestraumar mellom spesifiserte geografiske område, som landsdelar, fylke eller kommunar. Slike “flyttematriser”, som altså også gir *retning* på flyttingane, kan anten vise nettostraumar eller bruttostraumar og inneheld difor klart meir informasjon enn berre summariske tal inn/ut/netto utan retning. I slike matriser kan òg tal for inn- og utvandring vere tekne med.

Ettersom innanlandske flyttematriser berre finst for år etter 1950, må me for tidlegare år klare oss med grovare, meir summariske mål for flyttingar. Etter 1950 blei det først publisert flyttematriser for landsdelar, oftast nettotal, sjå tal for tiåret 1951–1960 i tabell 63 i Statistisk sentralbyrå (1963)³². I analysedelen finst òg ei verbal beskriving av det innanlandske flyttemønsteret i tiårsperioden. Merk at landsdelsinndelinga der avvik noko frå den som er brukt for 1966–1970 og seinare femårsperiodar, sjå Lettenstrøm (1972: 49)³³.

Matriser med nyare nettoflyttetal for landsdelar saman med ei tekstleg beskriving finst for kvar femårsperiode i tidsrommet 1961–1985 i ulike publikasjonar: Statistisk sentralbyrå (1967: 44), Lettenstrøm (1972), Skiri (1978), Skiri (1984) og Monssen (1988), sjå lenkjer i litteraturlista. Frå og med publiseringa for 1966–1970 er også matriser med *brutttotal* med. Merk at dei omfattande endringane i kommuneinndelinga på 1960-talet, frå 731 kommunar i 1961 til 451 i 1968, påverkar *nivået* på brutttotala, altså til færre flyttingar. For 1971–1975 og seinare år er dessutan ei ny landsdelsinndeling brukt.

Alt frå 1951 og utover blei det i serien *NOS Folkemengdens bevegelse* årleg publisert flyttematriser med absolutte brutttotal, for flyttingar mellom landsdelar med todeling i bygder og byar, men desse matrisene var heller kompliserte og ikkje lette å bruke. Skiljet mellom bygd og by var lenge mykje påakta og brukt i statistikken, men blei seinare erstatta av kommunetypar. Publiseringa av flyttematriser, både for brutto- og netttotal, varierte elles mykje over tid.

I perioden 1967–1984 var publiseringa av flyttestatistikk utvida med ein eigen publikasjon, *NOS Flyttestatistikk*. Dei kompliserte matrisene nemnt ovanfor fekk der ei enklare utforming, men med separate tal for kjønn og for bygder og byar. Frå 1974 av kom det i publikasjonen med enkle flyttematriser med fylkestal – både brutto- og netttotal (tabell 7 og 8) – og ei (tabell

³² ssb.no/a/histstat/nos/nos_xii_097.pdf

³³ ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_01.pdf

13) med bruttotal for flyttingar innanfor og mellom kvart av dei 104 handelsdistrikta i landet, og mellom handelsdistrikta og utlandet³⁴.

Ein annan variant av flyttematrise med bruttotal blei nytta i *NOS Statistiske fylkeshefte 1983*, for Østfold i Statistisk sentralbyrå (1983: tabell 2.4)³⁵. Tabellen viser flyttingane i 1979–1981 frå og til kvar kommune i fylket og utvalde område (handelsdistrikt) utanfor fylket. Tabell 2.7 i publikasjonen omfattar dei personane som ifølgje folketeljningane var busette i fylket både i 1970 og 1980, fordelt på bustadkommune på dei to tidspunkta. Ein slik tabell vil ikkje synleggjere moglege flyttingar i tiårsperioden mellom dei to teljingstidspunkta.

6.2.2 Netttotal fortel ikkje alt

Ein analyse av flyttematriser på landsdelsnivå for 1960- og 1970-åra konkluderer med at det går store og i dei fleste tilfelle jamnstore flyttestraumar i begge retningar, men at flytteaktiviteten kan bety mykje for nettostraumane. Eit eksempel er at mange av nettoutflyttingane mellom landsdelar var svært ulike i dei to femårsperiodane 1966–1970 og 1971–1975. Særleg gjaldt dette nettoutflyttinga frå Nord-Norge, som blei kraftig redusert frå den første femårsperioden til den andre. Til dømes minka nettoutflyttingane frå Nord-Norge til Akershus/Oslo frå 6 600 i 1966–1970 til berre 200 i 1971–1975.

Ut ifrå netttotala for flytting kan det difor synast som om det i 1966–1970 var flytting nesten berre ein veg, frå Nord-Norge. Tabellen med bruttotal for flyttingar derimot, altså med tal for kvar einskild retning, fortel at det i 1966–1970, samtidig med dei 19 300 som flytta frå Nord-Norge til Akershus/Oslo, også flytta 12 700 motsett veg, eller altså bortimot dobbelt så mange som nettotapet Nord-Norge hadde til Akershus/Oslo (6 600). Både dette fenomenet med *kompenserande motstraumar* og andre “migrasjonslover”, som *sirkelmigrasjon*, *lokal migrasjon* og *kjedemigrasjon* er omtala meir inngående av Jan Eivind Myhre (2003: 183–186).

³⁴ ssb.no/a/histstat/nos/nos_a727.pdf

³⁵ ssb.no/a/histstat/nos/nos_b343.pdf

6.2.3 Kyrkjebøker og andre kjelder om flyttingar

Det finst òg kjelder for flytteopplysningar som ikkje er blitt brukte som grunnlag for offisiell statistikk. Det skuldast nok mest at slike ikkje er landsdekkjande eller at kvaliteten er for dårleg.

Alt frå 1812 skulle sokneprestane føre “Afgangslister og Tilgangslister”, med namn og alder på dei som flytta inn eller ut av prestegjeldet og opplysning om kvar dei kom frå og flytta til, sjå Stoa og Sandberg (1992: 57–59, 146–152). Listene var mangelfulle sjølv om lover om fattigstellet frå 1845 og 1863, som kravde presteattest for dei som flytta ut, gjorde avgangslistene betre. Likevel blir disse listene vurderte som den viktigaste kjelda til flyttingar på 1800-talet.

I 1900 tok politimeistrar og lensmenn over arbeidet med flytteattestar og flytteregistrering, slik at grunnlaget for inn- og utflyttarlistar i kyrkjebøkene fall bort. Nokre prestar heldt likevel fram med å føre lister, men etter 1915 tok dette slutt. Flytteprotokollane til politiet vart førte fram til 1942–1943, då folkeregistra etter kvart tok over. Andre kjelder om flyttingar er pass og passprotokollar i statsarkiva (det var innanlands passplikt før 1860), av- og tilgangslister for ekstraskatt, skifteprotokollar og militære rullar³⁶. Dessutan kan dåps- og vigselstener i kyrkjebøkene gi flytteinformasjon, ettersom fadrar og forlovarar oftast var slektingar. Ein del kyrkjebøker blei “oppdaterte” seinare, for eksempel ved at konfirmantoversiktene blei supplerte med informasjon, dersom og når konfirmanten flytta ut eller emigrerte. Elles flytta folk den tida helst omkring 14. oktober (“vinterdagen”) eller 14. april (“sommardagen”).

6.2.4 Litteratur om innanlandsk flytting

Sjølv om det nesten heilt manglar offisiell statistikk over innanlandsk flytting før 1951, fins det ein del litteratur om temaet. Her kan nemnast at publikasjonen “På flyttefot. Innanlandsk vandring på 1800-talet”, redigert av Brynjulv Gjerdåker, inneheld seks artiklar der ulike flytteprosessar er omtala og sette i samheng med samfunnsendingane den tida:

- Aage Engesæter: Flytterørslar i ei vestlandsbygd. Ei gransking av flyttingar til og frå Sogndalsfjora kring år 1800.
- Brynjulv Gjerdåker: Vesser i Nordlanda 1800–1865 [“Vossingar i Nordland og Troms ...”].
- Gabriel Øidne: Arbeidsvandringar på Sørlandet på 1800-talet.

³⁶ Sjø arkivverket.no/Digitalarkivet

- Tore Pryser: Handverkere på flyttefot. Vandringer i seks handverksfag på midten av 1800-talet.
- Sivert Langholm: Frå Holmestrand til hovudstaden. Litt om røtene til handelsborgarskapet i Christiania på 1800-talet.
- Jan Eivind Myhre: “Det livligste vevsel-forhold”. Flyttingene til Kristiania på annen halvdel av 1800-tallet.

Gunnar Thorvaldsen (2004 a)³⁷ utnyttar mellom anna folketeljinga i 1865 når han skriv om koloniseringa av Bardu og Målselv. Espen Søybe (2000)³⁸ beskriv Lofotfisket 1856–2000 og det medfølgjande folkelivet. I samband med fiske kan òg nemnast “Nordlandshandelen” i Søyvik & Søyvik (1986), omtalen av at mange skreddarar i Indre Romsdal lenge drog nordover til fiskeværa i Lofoten og Finnmark to-tre månader i året og selde produkta sine i fiskesesongen.

Ved Universitetet i Oslo held Kari Lindbekk på med eit doktorgradsarbeid om “Trønderkohorten”. Der er alle som blei fødte i dei to trøndelagsfylka i 1855 følgd fram til 1910 i tilgjengelege kjelder om dåp, konfirmasjon, bustad, yrke, giftarmål, utvandring mv. Det er etablert ein analyserbar database for å kunne studere ulike fasar i livsløpet til denne 1855-kohorten. Difor vil blant anna mange flyttingar som gjeld dette fødselskullet, i alle fall bustadskifte inntil 55-årsalderen, kome fram. Elles finst det truleg meir relevant stoff blant kjelder, notar og litteratur oppgitt i eller i samband med Myhre (2006) og Myhre (2003).

6.2.5 Fødestad – ei nyttig erstatning for fråflyttingsstad

På grunn av manglande eller lite brukbare tal for både innflytting og innvandring før 1951 utnytta statistikarane lenge at det i folketeljingane heilt sidan 1865 og fram til 1970 var blitt spurt om fødestad. Tabellar som viser både bustad (opphaldsstad) ved teljinga og fødestad, er ei brukbar erstatning som gir bra innsikt i mønsteret i geografisk omflytting over tid. Rettnok får ein ikkje fram opplysningar om flyttetidspunkt og flyttingar *mellom* folketeljingstidspunkta på denne måten. Slike tabellar, som blei laga på grunnlag av folketeljingane fram til og med 1920, har noko varierende detaljeringsgrad og utforming. Tabell 9 i Departementet for det Indre (1869 b)³⁹ gir detaljerte tal for ulike geografiske nivå, tal som altså i nokon mon kan erstatte manglande statistikk over både innflytting innanlands og innvandring frå utlandet.

³⁷ ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/folketellinger-gjennom-200-aar

³⁸ ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/artikler-og-publikasjoner/karneval-i-lofoten

³⁹ ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c1_i_1866.pdf

6.3 Innvandring – også kalla innflytting frå utlandet

6.3.1 Lite statistikk før 1951 – vekslende kvalitet og detaljeringsgrad

Det finst svært få spesifikke, pålitelege tal for innvandring til landet før 1951. Eit unntak gjeld innvandringa frå Sverige, der ein har svenske tal for denne flyttestraumen til Norge heilt attende til 1851, sjå samanstilling gjort av Ragnhild Rein Bore (2005: 97–98)⁴⁰. Kor brukbare desse tala er, kjenner ein eigentleg lite til, berre at det i perioden 1916–1926 med statistikk frå begge land, var til dels store avvik mellom norske og svenske tal for same kalenderåret.

Innvandringsstatistikken for åra 1916–1926 blei publisert i årlege *NOS Folkemengdens bevegelse*, statistikken for 1916 i Statistisk sentralbyrå (1920: 62–72)⁴¹, som gir fylkestal fordelt på bygder og byar for eit titals fråflyttingsland. Fylkestal eller andre regionale tal for innvandring for seinare år enn 1926 er ikkje kjent, og difor heller ikkje relative fylkestal per 1 000 av folkemengda.

Ettersom statistikken over innvandring (og utvandring) for 1951–1957 bygde på ureviderte tal frå folkeregistra, blei det ikkje gitt eldre tal fordelte på fråflyttingsland enn for 1957, og for dette året berre landstal, med atterhald om usikre tal.

Kommunetal for innvandring finst ikkje før 1973: i) For 1973–1987 kvart år i Nye distriktstall (blant Digitaliserte publikasjonar plassert under “Periodika”), sjå tal for 1973 i Statistisk sentralbyrå (1974 c)⁴², ii) for 1985–1994 i årlege *NOS Befolkningsstatistikk. Hefte I*, sjå tal for 1985 i *NOS Befolkningsstatistikk. Hefte I. Endringstal for kommunar 1985-1987* (NOS B 701). Årlege tal for innvandring til *einskilde* kommunar, fordelte på mellom anna fråflyttingsland, kan køyrast ut bakover til 1967, sjå bolk 8.3. Slike “nye”, detaljerte tal vil samsvare med kommunegrensene som gjaldt vedkomande år.

Blant kjelder som ikkje er blitt brukte i den offisielle statistikken, kan nemnast Østfold historielag (1998)⁴³, ein søkbar individfil med over 27 000 innflytta svenskar til Østfold 1812–1920. I *Digitalarkivet* finst òg tilsvarande, men mindre filer med innflyttarar til Fredrikstad prestegjeld 1878–1889 og 1890–1906, og til Moss prestegjeld 1815–1828.

Myhre (2003: 183–186) nemner at når det er kome i stand kontakt mellom to land, går flyttestraumane gjerne begge vegar. Folketeljningane i Danmark, Tyskland og England og Wales i 1900 viser omtrent like store tal på norskfødde som dei norske tala for desse statsborgarskapsgruppene i Norge.

⁴⁰ ssb.no/magasinet/norge_sverige/art-2005-01-17-01.html

⁴¹ ssb.no/a/histstat/nos/nos_vi_163.pdf

⁴² ssb.no/a/histstat/nos/nos_xi_333.pdf

⁴³ digitalarkivet.arkivverket.no/gen/sok/2/100653

At det var relativt flest utvandrarak frå Vest-Agder, var tydeleg også i perioden 1945–1960. Utvandringa skal ha vore særleg stor frå Lista-området, men uvanleg mange av desse skal også ha kome attende til Norge seinare og dermed gitt lokalsamfunnet eit amerikansk preg, mellom anna når det gjeld namneval, ord og uttrykk, ifølgje Siv Ringdal (1999) og Ringdal (2002). Eksisterande flyttestatistikk er likevel ikkje detaljert nok til å dokumentere godt så lokale geografiske tilhøve, ettersom kommunetal for einskilde til- og fråflyttingsland manglar. Eit alternativ kan difor vere å utnytte moglege individdatakjelder. Mette Tveit (2006) skriv om remigrasjon til Karmøy i perioden 1955–1965. Sjå elles Landslaget for lokalhistorie og Norsk lokalhistorisk institutt (2006)⁴⁴.

Backer (1965: 155–157, 179–185)⁴⁵ gjer greie for det statistiske materialet for første halvdel av 1900-talet, både for vandringar generelt og innvandring spesielt. Det nødvendige administrative grunnlaget for ein innvandringsstatistikk kom først i 1916, etter at det i 1915 ved lov blei innført allmenn meldeplikt for *alle* som kom til Norge frå utlandet utan å vere heimehøyrande i riket. Tidlegare måtte ein berekne innvandringa ved hjelp av folketeljingsmateriale, svensk utvandringsstatistikk og tal for rømte og heimattkomne sjøfolk.

Frå 1916 til og med 1931 fekk Statistisk sentralbyrå utskrifter av framandprotokollane til politiet i form av namnelister over meldte innvandrarak. Detaljerte tabellar, som òg gav informasjon om intensjonen med innvandringa var fast opphald, mellombels vitjing, forretningsreise eller liknande, blei offentleggjorde for åra 1916–1926 i årlege *NOS Folkemengdens bevegelse*. Fylkestal for 1916 for innvandrarak etter fråflyttingsland og for heimattkomne norsk-amerikanarak finst i Statistisk sentralbyrå (1920: 62, 72)⁴⁶.

Oppgåvene gav likevel eit ufullstendig bilete av den reelle innvandringa. Framandlova av 1915 innførde altså meldeplikt for alle som ikkje var heimehøyrande i riket, men det viste seg at lova blei svært dårleg overhalden av heimattkomne norsk-amerikanarak, som nettopp utgjorde hovudmassen av innvandrarakane. Ved ei endring i framandlova i 1927 blei meldeplikta avgrensa til å gjelde berre *framande* statsborgarak. Storparten av dei heimattkomne norsk-amerikanarakane blei då fritekne for å melde seg til politiet. Ei stor ulempe ved denne innvandringsstatistikken var også at han omfatta ei mengd personar som ikkje busette seg i landet, men som snart reiste ut att utan at ein fekk melding om det. Sidan det var opplagt at tala i innvandringsstatistikken var misvisande, heldt Statistisk sentralbyrå frå 1931 av opp å inn-

⁴⁴ lokalhistoriskmagasin.no/utgivelser

⁴⁵ ssb.no/a/histstat/sos/sos_013.pdf

⁴⁶ ssb.no/a/histstat/nos/nos_vi_163.pdf

hente rapportar frå politiet. Nokre upubliserte tabellar med tal for 1927–1929 og noko individmateriale for 1915–1935 er registrerte som arkivert ved Riksarkivet.

Backer (1965: 179–185) gir og vurderer tal for heimattkomne norsk-amerikanarar busett i Norge ved folketeljningane i 1910 og 1920 (sumtal for bygder og byar) og nemner det berekna talet 155 000 for tilbakevandra frå Amerika i perioden 1891–1940.

Då Centralpasskontoret kom i 1917, fekk landet eit sentralt kortregister over utlendingar, både regulære innvandrarar og dei på korttidsvitjing. Sigurd Rødsten (1994) omtalar eit arkiv med minst 50 000 utgåtte framandregisterkort for perioden 1917–1988 som “et i mange henseende formidabelt kilde-materiale”.

6.3.2 Fleire innvandringar og innflyttingar enn tala på utanlandsfødde og utanbygds fødde viser

Dei publiserte nettotala kalla “Overskudd av inn- eller utvandring” eller liknande i tidsrommet 1856–1920 (sjå bolk 6.4.1) må ut ifrå bolk 6.2.5 vere minimumstal for personar i alt som har innvandra eller flytta inn frå andre delar av landet. Å rekonstruere brukbare bruttotal vil vere mest umogleg. Ei inngåande drøfting av dei aktuelle problemstillingane her og forsøk på å berekne innvandringstal for heile landet er gjorde i Myhre (2003: 177–195).

Elles omtalar Sølvi Sogner (2003: 391–394) omfanget av familienamn av utanlandsk opphav, “markørnamn”, og gir tal for fylke og utvalde byar.

6.4 Befolkningsrekneskap for kommunar

Ettersom det før 1951 finst verken tal for innvandring frå eller for utvandring til europeiske land, med unntak for Sverige, manglar me dermed også tal for *saml*a registrert innflytting til og utflytting frå Norge. For 1958 og seinare år derimot inneheld statistikken opplysningar om statsborgarskapstilhøve og kva land kvar einiskild kom frå eller reiste til.

Før 1951 finst det difor heller ikkje noko brukbart talgrunnlag for ein fullverdig “befolkningsrekneskap” for geografiske område som fylke og kommunar. Årlege befolkningsrekneskapar for 1951–1980 blei publiserte i tre bind, blant andre Statistisk sentralbyrå (1982)⁴⁷. Nyare tal er tilgjengelege i tabell 06913 i Statistikkbanken i SSB⁴⁸.

⁴⁷ ssb.no/a/histstat/nos/nos_b286.pdf

⁴⁸ ssb.no/befolkning/statistikker/folkendrhist

6.4.1 “Overskud af Ind- eller Udvandring”

I nokre tabellar heilt attende til 1856–1865 (for kommunar attende til 1866–1875) er det kolonnar som synest å indikere at tal for flyttingar finst under kolonnetekster som “Folkemængdens Øgning eller Minskning i Tiaaret 1856–1865, heraf ved Overskud af Fødte eller Døde og af Indflyttede eller af Udflyttede”, “Befolkningens vækst paa Grund af Indvandring” eller “Overskudd av inn- eller utvandring m.v.”. Forklaringa er at opplysningar om *fødestad* for kvar einskild busett i den seinast haldne folketeljinga er blitt utnytta i mangel av informasjon om tidlegare bustad, jf. fotnoteteksten på side VI i Departementet for det indre (1869 a)⁴⁹.

Ettersom folketeljinga i 1865 var den første etter 1801 med opplysningar om kvar einskild person, finst det statistiske tabellar der fødestadopplysningar (frå den seinast haldne folketeljinga) er blitt utnytta på denne måten for periodane 1856–1865, 1866–1875, 1876–1890, 1891–1900, 1901–1910 og 1911–1920. For tidsrommet 1921–1950 synest tilsvarande berekningar ikkje å ha blitt utførde. Tabellane fram til 1920 (oftast kalla 1A) med berekna tal for vekst og netttotal for flyttingar er trykte i publikasjonane *NOS Folkemængdens bevegelse* (femårssammendraga) for *siste* del av perioden mellom to folketeljingar. Publikasjonen for femåret 1886–1890 inneheld såleis berekna tal for 15-årsperioden 1876–1890.

I Departementet for det Indre (1869 b)⁵⁰, blant statistikarar best kjend som 1865-teljinga med teljingsdato 31.12., er til dels svært detaljert slik statistikk gitt i tabellane 8 (“Summariske Opgaver”) og 9 (“Detailerede Opgaver”). Dei to siste sidene i tabell 9 gir relative tal, per 1 000 av folkemengda.

Tabell 8 (14 sider) spesifiserer – i tillegg til tal for “Hjemfødinge” (opp-haldsstad i fødekommunen) – tal for innflytta busette i 1865 i 59 einskilde byar og 458 herad fordelte på: “Indenrigske Steder”, spesifisert på “Land-distrikter” og “Bydistrikter”, forutan “Indflyttede fra Udenrigske Steder”.

Tabell 9 (16 sider) gir detaljerte tal for busette i 31 (større) byar og 56 landdistrikt (fogderi) fordelte på 70 fødestadgrupper (28 landdistrikt amtsvis, 20 bydistrikt amtsvis og 22 land).

⁴⁹ ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c1_1856-65.pdf

⁵⁰ ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c1_i_1866.pdf

6.4.2 Tabellar for periodane mellom folketeljingane i tidsrommet 1865–1920

Fylkes- og kommunetal for fødde i utlandet (i mangel av tal for innvandra/innvandringar) finst i desse NOS-publikasjonane:

- *Tabeller vedkommende Folkemængdens Bevægelse i Aarene 1871–1875*. NOS C. No. 1. Tabell 1. Folkemængdens Bevægelse 1866–1875.⁵¹
- *Statistik over Folkemængdens Bevægelse i Aarene 1886–1890*. NOS Tredie Række No. 276. Tabell 1A. Oversigt over Folkemængdens Bevægelse 1876–1890.⁵²
- *Statistik over Folkemængdens Bevægelse 1896–1900*. Fjerde Række No. 117. Tabell 1A. Oversigt over Folkemængdens Bevægelse 1891–1900.⁵³
- *Folkemængdens bevægelse 1906–1910*. NOS VI 27. Tabell 1A. Oversigt over folkemængdens bevægelse 1901–1910.⁵⁴
- *Folkemængdens bevægelse 1916–1920*. NOS VII 151. Tabell 1. Oversigt over folkemængdens bevægelse 1911–1920.⁵⁵

Tal for busette i Norge fordelte på fødeland er altså med i folketeljingane berre frå og med 1865. Backer (1965: 181–182)⁵⁶ omtalar innvandring ved hjelp av tal for fødde i utlandet (tabell 105) og for busette norsk-amerikanarar (tabell 106) ved folketeljingane i 1910 (vel 19 300) og 1920 (knappt 50 000). Men ingen fylkestal finst der.

Til dels detaljerte folketeljingstal for busette fødd i utlandet er derimot gitt, vist på kart og utførleg omtala i Myhre (2003: 184), tabell 7.4. Avsnitt som “Det store regnestykket”, “Mot en fasit på innvanderregnestykket: Hvor mange, når og hvorfra og hvortil”, og “Spørsmålene bak tallene” (side 182–193) inneheld berekningar og konklusjonar også om mindre geografiske område. I bolk 10 “Å leve i det nye landet” (side 255–294) er det vist kommunekart over førekomsten av busette frå seks ulike land ved folketeljinga i 1900.

6.5 Fruktharheit

Levandefødde per 1 000 av folkemengda i kvart fylke er vist i Backer (1965: 123–129), tabell 74⁵⁶. Meir pålitelege (samanliknbare) tal for fruktharheitsutviklinga mellom 1900 og 1960 i bygder (under eitt) i kvart fylke og i dei

⁵¹ ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c1_1871-75.pdf

⁵² ssb.no/a/histstat/nos/nos_iii_276.pdf

⁵³ ssb.no/a/histstat/nos/nos_iv_117.pdf

⁵⁴ ssb.no/a/histstat/nos/nos_vi_027.pdf

⁵⁵ ssb.no/a/histstat/nos/nos_vii_151.pdf

⁵⁶ ssb.no/a/histstat/sos/sos_013.pdf

største byane finn ein likevel i tabell 76, jamfør omtalen i bolk 2.2. Backer gjer nærmare greie for utviklinga, der fruktbarheitsnedgangen sette inn til ulik tid og med ulik styrke i dei einskilde fylke og byar. Fylkestal for levandefødde per 1 000 av folkemengda for 1961–1970 finst i Lettenstrøm (1972)⁵⁷.

Samla fruktbarheitstal (SFI) for fylke blei teke i bruk frå 1968 og tal for 1968–1985 står i Statistisk sentralbyrå (1988 a)⁵⁸ tabell 2.8. Nyare tal finst i Statistikkbanken, tabell 04232. Det geografiske fruktbarheitsmønsteret for åtteårsperioden 1976–1983 på *kommunenivå* er vist i Statens kartverk (1988: kartblad 7.1.10). Kartbladet viser også det kraftige, men geografisk sett ulikt sterke, fruktbarheitsfallet i fylka frå 1968 til 1983, der landsgjennomsnittet var 40 prosent fall. Trude Lappegård (1999)⁵⁹ analyserer regionale variasjonar i fruktbarheitsutviklinga 1971–1997, både variasjonane mellom fylka og innafør det einskilde fylket.

For åra før 1856 finst det nok berre *absolutte* tal for levandefødde, og like eins for døde. Både for 1801–1835, sjå Det Kongelige Finants-, Handels- og Told-Departement (1839)⁶⁰, og for 1836–1845 sjå Departementet for det Indre (1847)⁶¹, finst det årlege tal, men berre for kvart av dei fem stifta i landet. For 1846–1855 derimot er det gitt tal for kvart prosti i Departementet for det Indre (1857)⁶².

Statistikkgrunnlaget er omtala i Backer (1965: 82–84). Inntil 1866 sende prestane berre summariske oppgåver (taloppgåver) over fødsjar, dødsfall og vigslar. Frå 1866 blei dei så pålagde å sende individoppgåver i form av utskrifter frå kyrkjebøkene. For fødsjar blei det frå 1916 innført sivil registrering, men med sokneprestane som registerførarar. Melding om fødsel er frå 1968 blitt sendt til folkeregisteret i moras bustadkommune. I 1983 tok folkeregisteret over den sivile registreringa av fødde.

6.6 Dødelegheit

I Backer (1961: 191–197)⁶³ finst fylkestal for døde per 1 000 av folkemengda, både direkte berekna (summariske) ratar (også kalla “kvotienter”) for femårsperiodar i tidsrommet 1871–1950 (tabell 129, side 192) og “standardberekna” ratar for fireårsperiodar rundt kvar av folketeljningane 1890–1950 (tabell 130). Dei standardberekna ratane (sjå òg

⁵⁷ ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_01.pdf

⁵⁸ ssb.no/a/histstat/nos/nos_b791.pdf

⁵⁹ ssb.no/a/histstat/rapp/rapp_199907.pdf

⁶⁰ ssb.no/a/histstat/nos/st_04r_1801-35.pdf

⁶¹ ssb.no/a/histstat/nos/st_08r_1836-45.pdf

⁶² ssb.no/a/histstat/nos/st_16r_1846-55.pdf

⁶³ ssb.no/a/histstat/sos/sos_010.pdf

bolk 2.2) er gitt separat for menn og kvinner for bygder (under eitt) i kvart fylke. Mest oversiktleg og praktisk er kanskje likevel tabell 131, som viser dødelegheitsindeksen i bygder (under eitt) for kvart fylke når indeksen for bygder i landet er lik 100. Tabell 130 gir òg fylkesvise indekstal for dødelegheitsfallet. For byar er det separate, standardberekna ratar berre for dei tre største. Valet av fireårsperiodane var gjort for å kunne utnytte folketeljingsopplysningane om folkemengda på beste måte. Før 1871 finst ikkje summariske dødsratar for fylke (amt), som frå då av var minste geografiske eining i slik statistikk heilt til 1955. Sjå òg analyseteksten om utviklinga, også om tilhøva før 1871.

Standardberekna dødelegheitsratar for fylke i periodar etter 1950 finst i Statistisk sentralbyrå (1988 b), tabell 3, medan fylkestal for forventa levealder for tidsrommet 1971–2010 ligg i Statistikkbanken, tabell 05797. Generelt er det godt samsvar mellom fylkesvariasjonane i forventa levealder og variasjonane som standardberekna dødelegheitsratar viser.

6.7 Utvandring – ikkje berre til oversjøiske land

Omfanget av utvandring, både målt i absolutte tal og relativt til folkemengda i utvandringsområdet, har kanskje hatt heller lite å seie i talemålssamheng. I område i Norge med betydeleg tilbakevandring kan utvandringa likevel ha verka inn. Utvandringa til “oversjøiske land”, land utanfor Europa, fram til 1915 er utførleg omtala i ein eigen utvandringsstatistikk, Departementet for sociale saker (1921)⁶⁴. Frå side 26 står det om utvandringa frå ein skilde distrikt. Både absolutte og relative fylkestal for periodar i tidsromma 1836–1865 og 1866–1915 finst i tabellar på sidene 27 og 29. Også tal for nokre fogderi, herad og byar er med. Tala for 1836–1865 er usikre og er til dels overslag, medan tala for periodar mellom folketeljingane 1865 og 1910 og for 1911–1915 er meir pålitelege.

Relative fylkestal for utflytting i 1866–1960 og ei omtale av utflyttinga frå delar av landet finst i Backer (1965: 163–165)⁶⁵. For åra før 1951 er det ingen norsk statistikk for utvandring/utflytting til *andre* land enn dei oversjøiske. Derimot finst det svenske tal for *innvandring* frå Norge, altså same flyttestraum, attende til 1871. Siste årgang av statistikken over utvandring til oversjøiske land er 1965.

Nokre lokalhistoriske artiklar om utvandring frå kysten av Vest-Agder står i *Glimt fra Lindesnes* (1999: 10–63), *Lyngdalsboka* (2000) og *Høgebostad sogelag Årsskrift* (2000). Dei to sistnemnde inneheld også kronlogiske lister

⁶⁴ ssb.no/a/histstat/nos/nos_vii_025.pdf

⁶⁵ ssb.no/a/histstat/sos/sos_013.pdf

over utvandrara frå høvesvis 1840-talet fram til 1895 og 1847–1900. Eit eksempel på informative kronologiske oversikter på Internettet er Steivang (2011 a og b) over utvandrara frå Alvdal, Tyllidalen og Brydalen.

Den kystbyen som nordmenn utvandra frå kunne vere ein annan enn den naturlege reint geografisk sett. Mange nordmenn reiste også ut frå Göteborg og kom såleis ikkje med i dei norske utvandringstala.

7 Meir om tettstad- og byutvikling – einskilde tettstader

Hallstein Myklebost (1960) presenterer på sidene 149–304 mykje statistikk og omfattande analysar av tettstader og tettstadutvikling i kvart fylke i tidsrommet 1875–1950. Vidare viser tabellen på sidene 308–329 folketalsutviklinga i kvar einskild av dei 533 tettstadene. I tillegg er kvar tettstad klassifisert ut ifrå ei typeinndeling frå 1950, med hovudtypar som sentralstader, industri-sentralstader, industristader (einsidige og tosidige) og fiskeristader, sjå side 303. Første side av den lange tabellen er teken inn som tabell 3 i denne artikkelen. Nyare folketal for tettstader (1960–1980) er publiserte i Statistisk sentralbyrå (1986)⁶⁶. I Statistikkbanken, tabell 04859, finst tal for 2000–2012, både folketal og tettstadareal.

Jan Eivind Myhre (2006: 254–272) har brukt og vidareutvikla arbeid av Myklebost (1960) og tal frå folketeljengane, sjå mellom anna figur 1 i denne artikkelen, som viser folketalsveksten i utvalde norske tettstader. Folketalet er her vist i logaritmisk skala fordi det då blir mykje enklare å vurdere om veksten har vore jamn eller ikkje. Med konstant vekstrate vil nemleg grafen som beskriv folketalsutviklinga bli ei rett linje. Figuren fortel altså at veksten i tidsrommet 1845–1929 var tilnærma konstant i tettstadene Trondheim og Sandefjord, og at det same i stor grad var tilfellet i Kristiania og Bergen fram til om lag 1900.

Myhre (2006: 284–285 og 376) viser dei største tettstadene rangert etter folketal ved kvar av seks folketeljengar 1845–1970 og dessutan eit kart over nye tettstader 1875–1920 med symbol for tettstadtype: stasjonsby, råvareorientert industriby, eller annan tettstad.


⁶⁶ ssb.no/a/histstat/rapp/rapp_198611.pdf

Tabell 3: Folketalet i einiskilde tettstader. 1875–1950.
(Kjelde: Myklebost (1960), landsomfattande tabell.)

Nr.	Tettstad	Kommune	Folketal							
			1875	1890	1900	1910	1920	1930	1946	1950
	<i>Østfold</i>		40469	52974	68104	80848	89872	97700	109921	117741
1	Skjærholten	Hvaler	—	—	—	244	208	242	318	331
2	Skjeberg	Skjeberg	—	—	—	211	337	463	619	589
3	Ise	«	—	—	—	—	—	254	261	283
4	Sponvika	Berg	408	351	419	445	380	270	293	300
5	Halden	Halden, Berg, Idd	10100	12300	13450	13850	13850	13850	13850	15172
6	Kornsjø	Idd	—	—	—	221	215	207	213	215
7	Ørje	Øymark	—	234	359	510	522	625	788	808
8	Skjønnhaug	Trogstad	—	—	—	—	—	—	322	417
9	Heiås	«	—	—	—	—	—	—	240	271
10	Spydeberg	Spydeberg	—	—	—	—	—	377	471	482
11	Solbergfoss	Spydeberg, Askim	—	—	—	—	440	—	—	—
12	Askim	Askim	—	—	445	629	1353	3167	4400	4958
13	Slitu	Eidsberg	—	—	—	—	—	—	—	218
14	Eidsberg	«	—	—	—	—	—	—	209	233
15	Mysen	Mysen, Eidsberg	—	—	676	781	1545	2250	3100	3328
16	Skiptvet	Skiptvet	—	—	—	—	—	—	—	232
17	Rakkestad	Rakkestad	—	—	—	307	606	1094	1537	1613
18	Sarpsborg	Sarpsborg, Skjeberg, Borge, Tune, Rolvøy	7500	7000	12500	18000	20000	22400	25700	27619
19	Fredrikstad	Fredrikstad, Glemmen, Borge, Rolvøy, Kråkerøy, Onsøy	17400	24300	29700	33700	36000	37300	37900	39083
20	Engelsviken	Onsøy	—	—	230	250	304	380	523	578
21	Vikane	«	—	—	—	—	240	260	318	328

Stugu (2006: 500–501) inneheld ein tabell over norske tettstader med over 8 000 busette i 2001, og som viser folketal 1960–2001 og prosentvis vekst i kvar tiårsperiode. Tabellen på side 499 gir tettstadvekst og regionvekst 1960–2001, der regionane er definerte som ein sum av heile kommunar. Ein tabell på side 425 omfattar dei 18 kommunane med høgast prosentdel yrkesaktive i 1950 og 1970. Eliassen (2006: 203) viser eit kart over norske byar i 1800 der det er brukt ulike symbol for type by og for storleik.

Figur 1: Befolkningsvekst i norske tettstader 1845–1920. (Mybres figur, vidareutvikla frå Myklebost.) (Kjelde: Myhre (2006), som viser til Myklebost (1960) og folketeljningane, delvis bearbeidd av Myhre.)



Endringstal for folkemengda i tettstader kan dessverre ikkje fordelast på tilvekstfaktorar (levandefødde, døde og innflyttingar), ettersom tal for tilvekstfaktorar berre finst for heile kommunar.

Om kva som i ulike periodar er rekna med til tettbygde strok i SSB-statistikk, sjå note I i tabell 2 i denne artikkelen.

7.1 Om definisjonar og omgrep brukte i statistikken for å skilje by og land

Skiljet by/land, oftast uttrykt ved 'byar' og 'bygder', var lenge ei gjennomgåande todeling i offisiell statistikk og ein viktig statistisk forklaringsvariabel i analysesamanheng. Frå 1964 av brukte ein i SSB omgrepa 'bykommunar' og 'heradskommunar'. Skiljet kom også fram gjennom det firesifra kommunenummeret (tildelt i 1946), der bykommunar fekk null som tredje siffer. I kommunelova frå 1992 blei det organisatoriske skiljet mellom by- og

heradskommunar oppheva. Lova oppheva likevel ikkje tidlegare tildelingar av status som bykommune. Men lova førte til at bystatus som statleg verktøy og prosedyrar for statleg tildeling av bystatus, blei avvikla. Den siste lovføregna som skilte mellom by og land, blei oppheva av Stortinget i desember 1996.

Med bakgrunn i dette vedtaket og det at 'by' ikkje lenger var noko offisielt omgrep, fjerna SSB skiljet mellom by- og heradskommunar i statistikken både i tabellar (f.eks. i Statistisk årbok frå 1996 av) og i andre oppdaterte kommuneoversikter.

Alt formannskapslovene frå 1837 etablerte det kommunalrettslege skiljet mellom by og land. Kommunelova frå 1954 gjekk over til å bruke omgrepet 'herad' ('herred') i staden for 'land', og omgrepa 'byar' og 'herad' blei dermed nytta i SSB ei tid. Lenge var det godt samsvar mellom det geografiske området som var ein by juridisk sett (hadde bystatus), og det som var bymessig bygd, jamfør dei mange mindre byutvidingane utover 1900-talet. I samband med kommunesamanslåingane på 1960-tallet blei bystatus frå 1964 av berre knytta til heile kommunar, bykommunar. Bystatus kom difor (desverre) ofte til å gjelde for kommunar som inneheldt fleire tettstader og samtidig store spreitt- eller ubygdte område. Det statistiske skiljet mellom by og land har etter kvart blitt teke vare på av omgrepa tettstad og tett-/spreitt-bygdte strok.

Etter eit lovvedtak i 1997 kan ein kommune sjølv vedta å kalle heile kommunen, eller eitt eller fleire tettstader i kommunen for 'by', så sant kommunen oppfyller kravet om minst 5 000 innbyggjarar og å ha "et bymessig tettsted med handels- og servicefunksjoner og konsentrert bebyggelse". SSB meinte då at dette nye byomgrepet, basert på lokalt vedtak, vil være av ein annan og meir tilfeldig karakter enn 'bykommunene' tildelt ved sentralt vedtak frå omkring 1964 og utover. Så sidan slik bystatus neppe vil vere interessant for statistikkformål, har SSB ikkje teke omsyn til lokale byvedtak i sin publisering av statistikk.

8 Nokre tankar om korleis meir "skreddarsydd" statistikk til formålet kan skaffast

8.1 Tilpassing til geografisk analyseining – dialektområde?

I bolkane 4 og 6 i denne artikkelen er det gjort greie for tilgjengeleg småområdestatistikk for folkemengd og demografiske tilvekstfaktorar dei siste 200 åra, både absolutte tal og ratar. Men dei eksisterande småområdetala er neppe praktisk brukbare til formålet slik dei er, så det vil nok vere ønskjeleg

med statistikk som geografisk er betre tilpassa analysesetemaet talemålsendringar.

Dessutan, dei geografiske inndelingane brukte i offisiell statistikk har mest alltid avspegla den tidsaktuelle situasjonen og det tilgjengelege data-tilfanget for kommunar eller sokn, slik at ulike årgangar av statistikk oftast ikkje er samanliknbare over tid. Dei store kommuneendringane på 1960-talet er det beste eksemplet på dette. Rettnok er inndelinga i amt/fylke endra heller lite sidan 1837 og dei største overførde områda har gjerne vore heile kommunar eller heile sokn, slik at det finst ein del folketal til å kunne konstruere noko meir samanliknbare tidsseriar.

Er det så mogleg å finne brukbare løysingar her? Kan tal i samsvar med ei tenleg geografisk analyseining (dialektområde) skaffast, og korleis? Og kan slike tal bli rimeleg samanliknbare over så lang tid som inntil 200 år?

8.2 Nye berekningar på gamle tal

To ulike strategiar peikar seg ut: For storparten av 200-årsperioden, særleg 1856–1960, kan eksisterande talgrunnlag for småområde gi ratar for omtrent ønskt geografisk analysenivå. Ratar kan anten bereknast på nytt ut ifrå ny teljar og ny nemnar, eller gamle ratar kan reknast saman ut ifrå folketalsopplysningar. I bolkane 4.1, 6.1 og 6.4 er det vist til at det finst tiårlege folketal ned til kommunenivå bakover til 1801 og endringstal fordelte på tilvekstfaktorar for kommunar attende til tiårsperioden 1856–1865.

8.3 Nyutkøyring av tal – der materialet tillet det

Den andre strategien er å få køyrt ut statistikk på nytt, best mogleg tilpassa dei geografiske analyseiningane ein blir samd om, vel vitande om problema med kommuneendringane. Men denne strategien er aktuell berre dersom datagrunnlaget framleis finst på digital form. For dei aktuelle demografiske tilvekstfaktorane har SSB digitale individdata attende til 1967 eller 1966. Elles finst det berre unntaksvis digitalt grunnlagsmateriale tilrettelagt for statistikkproduksjon som er eldre enn dette, som folketeljningane i 1960 og 1801 (nybearbeidinga gjort i 1980). Når digitalt grunnlagsmateriale finst, vil difor Statistisk sentralbyrå på oppdrag kunne køyre ut nye tabellar med tal for demografiske tilvekstfaktorar, men heilt samanliknbare tal berre for geografiske område som utgjorde ein eller fleire heile kommunar det kalenderåret statistikken gjeld.

Som nemnt i bolk 6.4 er det for periodane mellom folketeljningane 1865 og 1920 faktisk blitt trykt kommunetal for fødde, døde og utvandringar til oversjøiske land, saman med berekna tal for nettoinnflytting elles. Mellom

teljingane i 1920 og 1950 er *ikkje* tilsvarende kommunetal publiserte eller berekna, men årlege tal for fødde, døde og utvandringar 1921–1950 finst no i Statistisk sentralbyrå, Statistikktabell 10759. For 1951–1966 eksisterer alle tilveksttal som trengst, også tal for inn- og utflyttingar. Tala gjeld likevel berre slik kommunegrensene var det aktuelle året.

8.4 Tilpassingar som følge av kommuneendringar

Talet på kommunar, som i 1875 var 514, nådde på 1930-talet opp i 747. Frå og med 1960 er kommunetalet blitt kraftig redusert, frå 743 i 1959 til 451 i 1968 og 428 i 2014. Dersom ein så, etter å ha studert endringane i kommuneinndelinga attende til 1838, finn fram til ei akseptabel inndeling i dialektområde der kvart dialektområde som oftast utgjer ein eller fleire heile kommunar, ville det vere mogleg å lage langt meir komprimerte og skreddarsydd statistikkar for formålet talemålsendringar enn berre til no publiserte kommunetal. I fleire høve vil ein nok likevel, frå ein språkfagleg synsstad, dessverre måtte slå saman vel mange kommunar.

Eit alternativ til å prøve å dekkje heile tidsrommet 1855–2000 under eitt kan kanskje vere å dele det opp i nokre få periodar og dermed oppnå meir einsarta kommuneinndeling i kvar av desse periodane, og kanskje samtidig oppnå meir funksjonelle dialektområde i kvar periode.

Mange av dei omfattande kommunegrenseendringane på 1960-talet gjer det svært vanskeleg å lage gode tidsseriar for samanliknbare geografiske område. Dette tilhøvet vil kanskje likevel ikkje øydeleggje nemnande for det talemålsfaglege, serleg dersom ein del tilpassingar blir gjort.

Tilpassing av eksisterande og eventuell nyproduisert statistikk til å gjelde dialektområde bør nok då helst skje for alle dei viktigaste demografiske komponentane. Truleg vil statistikken over flyttingar (og opphaldsstad x fødestad) ha mest nytte av slik tilpassing.

Blir ein for eksempel einige om kva for heile kommunar som kvart kalenderår *tilnærma* skal utgjere ei analyseeining (dialektområde), og det blir valt 15 slike einingar, vil SSB på oppdrag kunne køyre ut ei flyttematrise (for innanlandske flyttingar) med $15 \times 15 = 225$ celler, pluss sumlinjer, for kvart kalenderår etter ca. 1965. Tek ein med flyttingar frå og til utlandet, kan matrisa utvidast med spesifiserte land. Manuelle justeringar kan så kome på tale.

Ulike matriser er omtala under bolk 6.2.1.

Litteratur

- Backer, Julie E. 1947. Den nye lov om folkeregistrer. Meldinger. I: *Statistiske meddelelser* 1946, Nr. 10–12. Oslo: Statistisk sentralbyrå. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/sm/sm_194610-12.pdf](https://ssb.no/a/histstat/sm/sm_194610-12.pdf).
- Backer, Julie E. 1948. Den norske befolkningsstatistikk. En historisk oversikt. I. Statistikken over ekteskap, fødsler og dødsfall. I: *Statistiske meddelelser* 1947, Nr. 4–6. Oslo: Statistisk sentralbyrå. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/sm/sm_194704-06.pdf](https://ssb.no/a/histstat/sm/sm_194704-06.pdf).
- Backer, Julie E. 1961. *Dødeligheten og dens årsaker i Norge 1856–1955*. Samfunnsøkonomiske studier nr. 10. Oslo: Statistisk sentralbyrå. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/sos/sos_010.pdf](https://ssb.no/a/histstat/sos/sos_010.pdf).
- Backer, Julie E. 1965. *Ekteskap, fødsler og vandringer i Norge 1856–1960*. Samfunnsøkonomiske studier nr. 13. Oslo: Statistisk sentralbyrå. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/sos/sos_013.pdf](https://ssb.no/a/histstat/sos/sos_013.pdf).
- Bore, Ragnhild Rein. 2005. Et folkebytte over Kjølén. I: *Hundre års ensomhet? Norge og Sverige 1905–2005*. Statistiske analyser nr. 69. Oslo–Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå. Digitalt: ssb.no/magasinet/norge_sverige/art-2005-01-17-01.html.
- Departementet for det Indre. 1847. *Tabeller over Folkemængden i Norge den 31te December 1845 samt over de i Tidsrummet 1836–1845 Ægteviede, Fødte og Døde*. Kristiania. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/st_08r_1836-45.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/st_08r_1836-45.pdf).
- Departementet for det Indre. 1857. *Tabeller over Folkemængden i Norge den 31te December 1855 samt over de i Tidsrummet 1846–1855 Ægteviede, Fødte og Døde*. Kristiania. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/st_16r_1846-55.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/st_16r_1846-55.pdf).
- Departementet for det Indre. 1869 a. *Tabeller vedkommende Folkemængdens Bevægelse i Aarene 1856–1865*. Kristiania. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c1_1856-65.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c1_1856-65.pdf).
- Departementet for det Indre. 1869 b. *Resultaterne af Folketællingen i Norge 1 Januar 1866*. Kristiania. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c1_i_1866.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c1_i_1866.pdf).
- Departementet for sociale saker. 1921. *Utvandringsstatistikk*. Norges offisielle statistikk (NOS) VII 25. Kristiania. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_vii_025.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_vii_025.pdf).
- Det Kongelige Finants-, Handels- og Told-departement. 1839. *Tabeller over Ægteviede, Fødte og Døde i Norge for Aarene 1801 til 1835 inclusive*. Kristiania. Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/st_04r_1801-35.pdf
- Digitalarkivet*. Her ligg søkbare individkjelder. Digitalt: arkivverket.no/ Digitalarkivet.

- Dyrvik, Ståle. 1976. *Ekteskap og barnetal – Ei gransking av fertilitetsutviklinga i Norge 1920–1970*. Artikler fra Statistisk sentralbyrå nr. 89. Oslo. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/art/art_089.pdf](http://ssb.no/a/histstat/art/art_089.pdf).
- Eliassen, Finn-Einar. 2006. Småbyenes storhetstid, ca. 1500–1830. I: K. Helle, F-E. Eliassen, J.E. Myhre & O.S. Stugu, *Norsk byhistorie*, 145–245. Oslo: Pax Forlag.
- Gjerdåker, Brynjulv (red.). 1981. *På flyttefot. Innanlands vandring på 1800-talet*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Glimt fra Lindesnes*. 1999. Sør-Audnedal: Lindesnes Historielag.
- Hægebostad sogelag. Årsskrift*. 2000. Tingvatn: Hægebostad sogelag.
- Juvkam, Dag. 1999. *Historisk oversikt over endringer i kommune- og fylkesinndelingen*. Rapport 99/13. Oslo–Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå. [Digitalt: ssb.no/offentlig-sektor/artikler-og-publikasjoner/historisk-oversikt-over-endringer-i-kommune-og-fylkesinndelingen](http://ssb.no/offentlig-sektor/artikler-og-publikasjoner/historisk-oversikt-over-endringer-i-kommune-og-fylkesinndelingen).
- Landslaget for lokalhistorie og Norsk lokalhistorisk institutt. 2006. Tema: Utvandring. *Lokalhistorisk magasin*. Nr. 4. [Digitalt: lokalhistorie.no/lm/LM406.pdf](http://lokalhistorie.no/lm/LM406.pdf).
- Lappegård, Trude. 1999. *Regionale variasjoner i fruktbarheten i Norge*. Rapport 99/7. Oslo–Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/rapp/rapp_199907.pdf](http://ssb.no/a/histstat/rapp/rapp_199907.pdf).
- Lettenstrøm, Gerd Skoe. 1972. *Folkemengdens bevegelse. Oversikt 1966–1970*. Statistiske analyser 1. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_01.pdf](http://ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_01.pdf).
- Lyngdalsboka*. 2000. Lyngdal: Lyngdal Historielag.
- Monssen, Eva Jemblie. 1988. *Befolkningsstatistikk. Oversikt 1981–1985*, NOS B 791. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_b791.pdf](http://ssb.no/a/histstat/nos/nos_b791.pdf).
- Munthe, Preben. 1993. *Befolkningslære*. 2. oppl. Oslo: Universitetsforlaget. — 1. oppl. 1990. Universitetsforlaget, Oslo.
- Myhre, Jan Eivind 2003. Å holde rede på folk – 1800-tallets innvandring i fugleperspektiv. Kapittel 7 i Einar Niemi (red.), *Norsk innvandringshistorie 2: I nasjonalstatens tid 1814–1940*, 177–196. Oslo: Pax Forlag.
- Myhre, Jan Eivind. 2006. Den eksplosive byutviklingen 1830–1920. I: *Norsk byhistorie*, del III. Oslo: Pax Forlag.
- Myklebost, Hallstein. 1960. *Norges tettbygde steder 1875–1950*. AD NOVAS nr. 4. Oslo–Bergen: Universitetsforlaget.
- Ofstad, Kåre. 1949. Den norske befolkningsstatistikk. En historisk oversikt. V. Folketellingene. I: *Statistiske meddelelser* 1948, Nr. 10–12. Oslo: Statistisk sentralbyrå. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/sm/sm_194810-12.pdf](http://ssb.no/a/histstat/sm/sm_194810-12.pdf).
- Ringdal, Siv. 1999. *Screendører og kjøkkenmøbler. En undersøkelse av det amerikanske Lista*. Magisteroppgave i etnologi. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Ringdal, Siv. 2002. *Det amerikanske Lista. Med 110 volt i huset*. Oslo: Pax Forlag.

- Rødsten, Sigurd. 1994. Fremmedkontrollens første kortregistre. Informasjon fra Riksarkivaren. I: *Arkivmagasinet* 3/94. Oslo: Riksarkivet.
- Skiri, Halvard. 1978. *Folkemengdens bevegelse. Oversikt 1971–1975*. Statistiske analyser 36. Oslo. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_36.pdf](https://ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_36.pdf).
- Skiri, Halvard. 1984. *Folkemengdens bevegelse. Oversikt 1976–1980*. Statistiske analyser 54. Oslo–Kongsvinger. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_54.pdf](https://ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_54.pdf).
- Skiri, Halvard. 2015. *Dokumentasjon av kommunetabeller over folkemengdens bevegelse 1906–1968*. Statistisk sentralbyrå. Notater 2015/14. Oslo–Kongsvinger. Digitalt: ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/dokumentasjon-av-kommunetabeller-over-folkemengdens-bevegelse-1906-1968.
- Sogner, Sølvi. 2003. Norge omkring 1800 – et innvandringsland? Kapittel 20 i *Norsk innvandringshistorie Bind 1: I kongenes tid 900–1814. Del II: 1537–1814*. Oslo: Pax Forlag.
- Statens kartverk. 1988. *Nasjonalatlas for Norge. Teksthefte Befolkning*, hovedtema 7 og kartblad 7.1.10 Fruktbarhet I. Hønefoss.
- Statistisk sentralbyrå. 1920. *Folkemengdens bevegelse 1916*. NOS VI 163. Kristiania. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_vi_163.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_vi_163.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1935. *Folkemengdens bevegelse 1921–1932*. NOS IX 70. Oslo. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_ix_070.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_ix_070.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1952. *Folkemengdens bevegelse 1950 og sammendragstabeller 1946–1950*. NOS XI 112. Oslo. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_xi_112.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_xi_112.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1963. *Folkemengdens bevegelse 1960 med sammendragstabeller 1956–1960*. NOS XII 97. Oslo. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_xii_097.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_xii_097.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1967. *Folkemengdens bevegelse 1965*. NOS XII 220. Oslo. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_xii_220.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_xii_220.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1974 a. *Flyttemotivundersøkelsen 1972*. NOS A 617. Oslo. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_a617.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_a617.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1974 b. *Folke- og boligstelling 1970 Hefte I. Folkemengden etter geografiske inndelinger*. NOS A 679. Oslo. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_a679.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_a679.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1974 c. *Flyttinger mellom kommuner 1973. I: Nye distriktstall. Østfold. Nr. 10/74*. Digitalt: ssb.no/a/histstat/nd/nd_ostfold_1974.pdf.
- Statistisk sentralbyrå. 1975 a. *Flyttingene i Norge 1971 og 1949–1973*. Rapport nr. 3 fra Flyttemotivundersøkelsen 1972. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_13.pdf](https://ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_13.pdf).

- Statistisk sentralbyrå. 1975 b. *Flyttestatistikk 1974*. NOS A 727. Oslo. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_a727.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_a727.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1977. *Flyttemotivundersøkelsen 1972*. Samfunnsøkonomiske studier nr. 35. Oslo. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/sos/sos_035.pdf](https://ssb.no/a/histstat/sos/sos_035.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1980. *Folketeljinga 1801. Ny bearbeiding*. NOS B 134. Oslo. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_b134.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_b134.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1982. *Folketallet i kommunene 1951–1980. Hefte I. Østlandet*. NOS B 286. Oslo–Kongsvinger. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_b286.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_b286.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1983. *Statistiske fylkeshefte 1983. Østfold*. NOS B 343. Oslo–Kongsvinger. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_b343.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_b343.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1986. *Statistikk for tettsteder*, Rapport 86/11, Oslo–Kongsvinger. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/rapp/rapp_198611.pdf](https://ssb.no/a/histstat/rapp/rapp_198611.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1988 a. *Befolkningsstatistikk. Oversikt 1981–1985*. NOS B 791. Oslo–Kongsvinger. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_b791.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_b791.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1988 b. *Regional dødelighet 1981–1985*. NOS B 790. Oslo–Kongsvinger. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/nos/nos_b790.pdf](https://ssb.no/a/histstat/nos/nos_b790.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. 1999. *Regionale inndelinger. En oversikt over standarder i norske offisiell statistikk*. NOS C 513. Oslo–Kongsvinger. [Digitalt: ssb.no/a/publikasjoner/pdf/nos_c513/nos_c513.pdf](https://ssb.no/a/publikasjoner/pdf/nos_c513/nos_c513.pdf).
- Statistisk sentralbyrå. *Statistikkbanken*. Digitalt: ssb.no/statistikkbanken.
- Statistisk sentralbyrå. Statistikktabell 10759: Befolkningsendringer, etter kjønn og bygder/byer. Digitalt: ssb.no/tabell/10759.
- Steivang, Torill Hokstad. 2011 a. *Utvandrere fra Alvdal*. [Digitalt: steivang.no/alvdalemigrants.htm](https://steivang.no/alvdalemigrants.htm).
- Steivang, Torill Hokstad. 2011 b. *Utvandrere fra Tylldalen og Brydalen*. [Digitalt: steivang.no/tylldalenemigrants.htm](https://steivang.no/tylldalenemigrants.htm).
- Stoa, Nils Johan og Per-Øivind Sandberg. 1992. *Våre rotter. Håndbok i slektsgransking for nybegynnere og viderekomne*. Oslo: J.W. Cappelen Forlag.
- Stugu, Ola Svein. 2006. "Mot et urbanisert land? 1920–2000." I: *Norske byhistorie, del IV*. Oslo: Pax Forlag.
- Søbye, Espen. 2000. Tallenes fortellinger: Lofotfisket 1856–2000. Karneval i Lofoten? I: *Samfunnspeilet* 4. oktober 2000, Statistisk sentralbyrå. [Digitalt: ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/artikler-og-publikasjoner/karneval-i-lofoten](https://ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/artikler-og-publikasjoner/karneval-i-lofoten).
- Søbye, Espen. 2014. *Folkemengdens bevegelse 1735–2014. En tabellstudie*. Statistisk sentralbyrå. Oslo–Kongsvinger: Forlaget Oktober. Digitalt: ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/folkemengdens-bevegelse-1735-2014.

- Sørensen, Knut Ø. 1977. *Inn- og utvandring for Norge 1958–1975*. Statistiske analyser nr. 33. Oslo: Statistisk sentralbyrå. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_33.pdf](https://ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_33.pdf).
- Søvik, Per Jarle og Edmund Søvik. 1986. *Nordlandsbandelen. En særpreget næringsveg i Indre Romsdal gjennom 100 år*. 2. oppl. Isfjorden: Isfjorden Bygdelag & Konfeksjonsmuseet.
- Thorvaldsen, Gunnar. 2004 a. Koloniseringa av Bardu og Målselv. I: *Folketellinger gjennom 200 år*. Sosiale og økonomiske studier nr. 109. Statistisk sentralbyrå, Oslo–Kongsvinger. [Digitalt: ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/folketellinger-gjennom-200-aar](https://ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/folketellinger-gjennom-200-aar).
- Thorvaldsen, Gunnar. 2004 b. Vitalstatistikken og folketellingene. I: *Folketellinger gjennom 200 år*. Sosiale og økonomiske studier nr. 109. Statistisk sentralbyrå, Oslo–Kongsvinger. [Digitalt: ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/folketellinger-gjennom-200-aar](https://ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/folketellinger-gjennom-200-aar).
- Tveit, Mette. 2006. *Amerikafarten mellom Karmøy og New Bedford*. Hovudoppgåve i historie. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Østby, Lars. 1975. *Flyttingane i Norge 1971 og 1949–1973*. Rapport nr. 3 fra Flyttemotivundersøkelsen 1972. Statistiske analyser nr. 13. Oslo: Statistisk sentralbyrå. [Digitalt: ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_13.pdf](https://ssb.no/a/histstat/sagml/sagml_13.pdf).
- Østby, Lars. 1995. Norges befolkning gjennom 200 år. I: *Samfunnsspeilet*, 1995/4. Statistisk sentralbyrå, Oslo–Kongsvinger. [Digitalt: ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/ssp/1995-4](https://ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/ssp/1995-4).
- Østfold historielag. 1998. *Innflytta svenskar til Østfold 1812–1920*. Søkbar personfil over 27 142 personar. [Digitalt: digitalarkivet.no/cgi-win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=If01001812&spraak=n&metanr=2890](https://digitalarkivet.no/cgi-win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=If01001812&spraak=n&metanr=2890).

Halvard Skiri
Senior statistikkrådgjevar
Statistisk sentralbyrå
Akersveien 26
NO-0177 Oslo

Halvard.Skiri@fibernet.net